



Meland kommune

Møtebok for Ungdomsrådet

Møtedato: 11.05.2017
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 14.30 – 17.30

Til stades: Silje Nordal, Daniella Josephine Fennelly (vara for Linnea D. Opdal), Ida Herland, Marius Thorvaldsen, Sisanne Slettebakken.

Fråvær: Simon F. Eilertsen, Thobias Mellingen, Synne Matre og Jonas Askeland.

Desse møtte frå administrasjonen:

Alexander Helle frå Plan, utvikling og teknisk.,
Eirik Bower Utne frå kultur
Reidun Elin Johannessen skulefagleg rådgivar

Møteleiar Silje Nordal

Møtesekretær Ane Bysheim

Sakliste

Saknr	Tittel
24/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
25/2017	Godkjenning av møtebok
26/2017	Referatsaker
27/2017	Aktuelle saker
28/2017	Kulturmidlar 2017 - uttale frå Meland Ungdomsråd
29/2017	Orientering om kyrkje- og kulturhus i Meland
30/2017	Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim		17/1081

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
24/2017	Ungdomsrådet	PS	11.05.2017

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Innkalling sendt ut på Facebook-gruppa 4.5.17

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Ungdomsrådet - 24/2017

UR - behandling:

UR - vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim		17/1081

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
25/2017	Ungdomsrådet	PS	11.05.2017

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Ungdomsrådet - 06.04.2017

Saksopplysningar:

Møtebok lagt ut på Facebookgruppa 7.4.17

Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

Ungdomsrådet - 25/2017

UR - behandling:

UR - vedtak:

"Møtebok vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim		17/1081

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
26/2017	Ungdomsrådet	PS	11.05.2017

Referatsaker

Saksopplysningar:

Kort referat frå UKM ved Unge Arrangører Jonas Askeland og Mia Wergeland Roos

Framlegg til vedtak:

"Meldingane vert tekne til orientering."

Ungdomsrådet - 26/2017

UR - behandling:

UR - vedtak:

"Referat frå UKM var utsett til neste møte grunna fråvær"

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim		17/1081

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
27/2017	Ungdomsrådet	PS	11.05.2017

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Orientering om arbeidet med ungdomsklubb frå kultur-og ungdomskonsulent Ane Bysheim

Orientering frå skulefagleg rådgivar Reidun E. Johannesen om arbeidet mot mobbing.

Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet - 27/2017

UR - behandling:

Kultur- og ungdomskonsulent Ane Bysheim opp summerte erfaringane frå UNG Melands (ungdomsklubben) første veke. Oppstats-arrangementet var vellykka - mellom 15 -25 personar til stades. Vekedagane har det ikkje vore besøk. Vi gjekk saman gjennom effekt /innsikt på korleis det verkar på FB, med spesielt fokus på effekten av at fleire delar et innlegg kort tid etter det er publisert. Representantane skulle og vera med på å snu opningsplakatane, slik at opningstidene er synlege i alle klasserom. Ytterligere evaluering vil vera i UNG Meland sitt møte måndag 15 mai, og endringar/justeringar vil vere etter dette.

Skulerådgivar Reidun Elin Johannesen orienterte om administrasjonens vidare arbeid med anti-mobbe saka. På ULK-møtet 30.05 er det mellom 09.00-13.00 ein Workshop med tema "Ytterligere tiltak for å hindre mobbing i skulen og at alle barn skal vera trygge på skulen". Inviterte er politikarar, 6 frå Meland kommune (admin/kultur/PPT), alle rektorane og FAU-representantar frå alle skulane samt dei inviterte foredragshaldarane - til saman 35 personar. Her vil det bli presentasjon av forskning, RKBU Vest - Regionalt kunnskapsenter for barn og unge og deling av erfaring frå prosjektleiar i "Trygg i Fjell" prosjektet, samt innspel på ulike tema i grupper gjennom ein "Dialog-kafé".

Det var stor interesse for tema i UR, og mange som ville være med. Utveljing av representant var med loddtrekning, og nestleiar Susanne Slettebakken (9. klasse Rossland skule) vart valt. Ungdomsrådet vil gjerne at ho tar med til workshopen at det er viktig å involvera barn og unge i arbeidet og å høyre og lære av deira erfaringar. UR til ha ei orientering frå Slettebakken i neste møte.

UR - vedtak:

"Ungdomsrådet tek orienteringane til vitande. Nestleiar Susanne Slettebakken stiller frå UR ULK si workshop med tema mobbing 30.05.17"

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim	FE - 223, TI - &13	17/775

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
21/2017	Ungdomsrådet	PS	06.04.2017
28/2017	Ungdomsrådet	PS	11.05.2017

Kulturmidlar 2017 - uttale frå Meland Ungdomsråd

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Dei ålmenne kulturmidlane i Meland kommune skal opp til handsaming for 2017, unntatt tilskota til idrett. Kulturmidlane har vore lyst ut i Strilen, kommunen sine Facebook- og heimesider og Oppslagstavla for Meland på Facebook. I tillegg vart informasjon sendt til lag i kommunen via e-post. Ein legg opp til ei deling av handsaminga av kulturmidlane for 2016, der kulturmidlar til idrett og tilskot til drift av idrettsanlegg vert handsama i juni.

Etter retningslinene for kulturmidlar i Meland kommune skal «...tilskot til ålmenne kulturføremål...vere med å stimulere til positive kultur-, idretts- og friluftslivsaktivitetar.» Det er eit generelt vilkår at «Meland Ungdomsråd er høyringsorgan for tildeling av dei ålmenne kulturmidlane.»

Vurdering

Meland Ungdomsråd går gjennom søknadane i møte, og leverer uttale. I vurderinga av søknadane skal det leggest vekt på faste tiltak som vert drivne heile året. Tiltak retta mot barn og unge vert prioritert og aktivitetar og tiltak går framfor drift.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Tilskota er svært viktige for den omfattande frivillige innsatsen i kommunen og vil vere med å stimulere til positive kulturaktivitetar for innbyggjarane. Uttale frå Meland Ungdomsråd er i tråd med retningslinene for kulturmidlar.

Framlegg til vedtak:

Skriv framlegg her

Meland Ungdomsråd går gjennom søknadane og leverer uttale.

Ungdomsrådet - 21/2017**UR - behandling:****UR - vedtak:**

"Saka vert utsett til neste møte"

Ungdomsrådet - 28/2017**UR - behandling:**

Leiar for tenesteområdet kultur, Eirik Utne, går kort gjennom innstillinga i møtet. Diskusjon i møtet etter at Eirik Utne var gått. Vidare kommunikasjon på telefon med ulike spørsmål rundt enkelte summar/søknader.

Ungdomsrådet foreslo at de til neste år kunne ha eit eige møte for berre kulturmidlane, der dei gjekk gjennom alle søknadane. Dette krev 2-3 timar.

UR - vedtak:

"Ungdomsrådet stiller seg bak innstilling slik den står med unntak for ein merknad: at "Gratis norskurs og språk kafé" hos Meland Sokn skal få eit større tilskot til arbeidet med språkopplæring ettersom at Ungdomsrådet meier det er ein viktig del av integreringa i kommunen."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim	FA - D00	17/1082

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
29/2017	Ungdomsrådet	PS	11.05.2017

Orientering om kyrkje- og kulturhus i Meland Uttale frå ungdomsrådet

Vedlegg:

Innstilling frå arbeidsgruppe kyrkje- og kulturhus

Skatte- og avgiftsmessige problemstillingar ved bygging av kyrkie- og kulturhus i Meland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Innstillinga frå arbeidsgruppa som har jobba med Kyrkje-og kulturhus i Meland er klar og skal sendast rådmann. Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak. Vedtak frå ungdomsrådet vert sendt administrasjonen følgjer saka vidare. Rådmannen vil gje si eigen vurdering av saka i eiga saksutgreing til formannskapet.

Vurdering

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak. Rådmannen vil gje si eigen vurdering av saka i eiga saksutgreing til formannskapet.

Framlegg til vedtak:

Skriv framlegg her

Ungdomsrådet - 29/2017

UR - behandling:

Sekretær for arbeidsgruppa som har jobba med saka «Kyrke- og kulturhus i Meland Kommune», John Fredrik Wallace hadde ein kort presentasjon av arbeidsgruppa si innstilling til rådmannen i møtet. Han gjekk kort gjennom kven arbeidsgruppa har bestått av, korleis dei har jobba og kva spørsmål dei har jobba med og eit kort samandrag av konklusjonen frå arbeidsgruppa med kva eit slik bygg kan innhalda av funksjonar og oversikt over areal og estimerte kostnader. Han gjekk og gjennom planen for korleis det skal jobbast vidare med saka.

UR - vedtak:

"Ungdomsrådet stiller seg positive til utvikling av kulturfasilitetar i nærområde med tilrettelegging for møteplassar mellom eldre og unge og at prosjektet tek med gode, tilrettelagte aktivitetsområde ute. Behova for kommersielt område må utgreias ytterligare. Biblioteket må involverast i ei vidare utgreiing av behov. Ungdomsrådet ønskjer å fylgje saka vidare i prosessen."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim	FA - L12	17/852

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
30/2017	Ungdomsrådet	PS	11.05.2017

Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra Uttale frå ungdomsrådet

Vedlegg:

05.03.17+Notat+frå+Opus+i+samband+med+revisjon+av+plangrense+Midtmarka+og+Rotemyra(293737)

20.03.17+Framlegg+til+ny+plangrense,+områdeplan+Midtmarka+og+Rotemyra(293736)

Framlegg+til+utvida+plangrense+og+revisjon+av+planprogram,+områdeplan+for+Midt(2)

Offentleg+ettersyn+utviding+av+plangrense+og+revisjon+av+planprogram(298892)

Offentleg ettersyn, utviding av plangrense og revisjon av planprogram

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret i Meland vedtok i møte 15.10.2014, sak KS-59/2014, oppstart av ein offentleg områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy. Til vedtaket er det knytt eit planprogram som gjer greie for planformål, prosess, medverknad, konsekvensutgreiingar med meir.

Føresetnadane for planarbeidet har endra seg undervegs i prosessen. I møte 29.03.17, sak FS-38/2017,- slutta difor Formannskapet i Meland seg til framlegg om utviding av plangrensa og revisjon av planprogram for områderegulering med konsekvensutgreiing av Midtmarka og Rotemyra på Flatøy i Meland kommune.

Framlegget til endring av plangrense og planprogram vert no sendt til offentleg ettersyn for innspel frå offentlege etatar og aktuelle partar.

Aleksander Helle informerar som saka i møtet.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande og utformar vedtak i møtet.

Framlegg til vedtak:

Skriv framlegg her

Ungdomsrådet - 30/2017

UR - behandling:

Aleksander Helle persenterte kort saka i møtet. Han gjekk gjennom bakgrunnen, med fokus på byggetrinn 1 og redegjør for bakgrunnen for endringar i planområde. I nord er det for å betre tilkoblingar av veinett og utvikling av naturområde til fritidsføremål. I sør er behovet frå veivesenet i forhold til ei utviding av E39, behov knytta til lokalvei i byggefase 1 og sykkelsti.

UR - vedtak:

"Ungdomsrådet er for utvidinga i Nord, men ønskjer ei tydeligare avklaring for planane rundt utvidinga i sør."